

## **Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 13.09.2016 kl. 19.00**

Tilstade: Gunnar Dalseth, Kenneth Vikane, Marit Huus, Olav Bernt Strømsnes, Sigmund Eiken og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Lars Sævarhagen og Una Eiken

Referent: Kaia Gulbrandsen

### **Sak 2016/56: Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Notat frå turismemøte var ikkje vedlagt innkalling, leiar sender dette ut til styremedlemmene. Elles godkjent.

### **Sak 2016/57: Godkjenning av referat frå styremøte 16.08.2016**

Godkjent

### **Sak 2016/58: Oppsummeringsmøte etter turistsesongen 5. september (referat vedlagt). Vidare oppfølging/prioritering av idear.**

Herand Bygdelag hadde 5. september eit ope møte på kulturhuset der alle aktørar i turistnæringa var invitert. Leiar refererte møtet for styret. Framkomne forslag til tiltak og idear vart gjennomgått. Notat frå turismemøte vert hengd opp saman med referat frå styremøtet, lagd ut på Herand.no og sendt til alle som var invitert.

### **Sak 2016/59: Påmelding til Liv og Lyst konferansen i Bergen**

Herand Bygdelag har motteke invitasjon til Liv og Lyst konferansen fredag 30. september. Dette er eit prosjekt om verdiskaping i lokalsamfunn i regi av Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge. Gunnar og Reidun Dalseth og Marna Roer har høve til å reise på konferansen.

### **Sak 2016/60: Deltaking i forskingsprosjekt om økonomien til frivillige lag**

Bygdelaget er invitert til å delta i eit forskingsprosjekt om økonomi. Leiar Gunnar Dalseth ser på kva deltaking inneber, og gjer ein vurdering av om Herand Bygdelag vil delta.

### **Sak 2016/61: Status Haustmarknaden på Herand Kulturhus 8. oktober**

Komiteen arbeidar med saken. Neste møte er måndag 19. september. Alle ressursar trengs i gjennomføringa, og alle styremedlemmer oppmodast til å vere med.

### **Sak 2016/62: Eventuelt:**

Gunnar Dalseth sjekkar betalingsordningar for arrangement. Til Haustmarknaden ordnar Sparebanken Vest med bankterminal.

Forsikring på eigedom; Bygdelaget ved Sigmund Eiken hentar i haust inn pristilbod på forsikring av Herand Kulturhus og Meieriet.

Herand 24.09.16, Kaia Gulbrandsen